

Vedlegg

TIK-midler 2017 – PROSJEKTARK

Prosjektarka er ei kortfatta oppsummering av søknaden. I tillegg er det kommentarar og oversikt anleggskostnad, søknadssum, samt framlegg til tilskot.

NR 1: Askvoll kommune			
TILTAK:	Veglysanlegg langs fv. 609 strekninga Gjelsvik–Gjelsvik skule I 2016 har Gjelsvik skule 44 elevar, 12 tilsette, 28 i barnehage og 8 tilsette. Frå midten av oktober til ut februar har alle skyss på grunn av farleg skuleveg langs fv. 609. Vegstrekning langs fylkesveg (frå kryss mot kommunal veg til Gjelsvik og kommunal veg ned til Gjelsvik skule) har fartsgrense 60 km/t. Delar av vegen er uoversiktleg. Ved skulen er det opparbeidd kunstgrasbane, og der er aktivitetar etter skuletid. Veglysanlegg vil gje tryggare skuleveg. Tiltak: Få på plass veglysanlegg langs 1 km av fv. 609 (frå kryss kommunal veg mot Gjelsvik til kryss kommunal veg til Gjelsvik skule).		
Kommentar/ vurdering	<i>Trafikksikkerhetshåndboken s.184: «Vegbelysning reduserer antal dødsulukker i mørke med ca. 60 %». Jf. Saksutgreiinga pkt. 2.5.1 NOTE 1 Tiltaket gjeld på fv. 609, over ei strekning på om lag 1000 m. Strekninga har redusert fartsgrense 60 km/t. ÅDT 450 køyretøy.</i>		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	1 100 000.–	825 000.–	0.–

NR 4: Bremanger kommune			
TILTAK:	Bygge trygg hente- og bringesituasjon ved Frøyen skule Ved Frøyen skule fører dagens trafikk-løysing til rygging med skulebussen i auste tilkomst til skulen. Dette er farleg, då det er mykje gang- og sykkeltrafikk av skuleborn, og born og foreldre til og frå barnehage, som ligg på denne kanten av anlegget. Vi fekk difor for 2010 tildelt TIK-midler til reguleringsplan for hente- og bringesituasjon ved Frøyen skule. Denne inneber at det skal utbetrast veg og byggjast busslomme på vestre sida av skulen. Dette er no planlagt, og vi ynskjer difor å søkje om TIK-midler til dette, jamfør vedteken trafikk- tryggingplan med handlingsplan, sist revidert i 2014, jamfør vedtak KST-067/14. Her er gjennomføring av tiltaket med hente-/bringesituasjon prioritert i 2017. Tiltak: Tiltaket inneber at det skal etablerast ei rundkøyning for bussen, inklusive vegutviding og fortau for skuleborna. Busskur er og planlagt, og er		

	nødvendig på våre kantar. Grunneigartilhøve er ordna. Tiltaket vil gje tryggare tilhøve for gang- og sykkeltrafikk ved austre tilkomst til skulen, og ordna og trygge forhold for både køyrande og mjuke trafikantar til og frå skulen, på vestre sida av skuleområdet		
Kommentar/ vurdering	<i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	895 000.-	671 250.-	0.-

NR 5: Eid kommune			
TILTAK 1:	<p>Planlegging – trafikktrygging og regulering av skuleområdet i Nordfjardeid sentrum</p> <p>Trafikksituasjonen i Skulevegen forbi Eid ungdomsskule og Nordfjardeid skule framstår som kaotisk ved skulestart og –slutt. Årsaka er mange privatbilar i kombinasjon med skulebuss. Små barn blir sleppt ut av private bilar mellom andre privatbilar og skulebussar. Bussjåførar rapporterer ofte om farlege situasjonar, og er svært bekymra for situasjonen. FAU ønskjer tiltak for å betre den trafikale tryggleiken. Situasjonen har samanheng med utvikling i heile skuleområdet over tid. (Sjå meir utfyllande framstilling i vedlegg 1 i søknaden.)</p> <p>Tiltak: Eid kommune ønskjer å gjennomføre ei heilheitleg planlegging av området som grunnlag for gjennomføring av fysiske trafikktryggingstiltak. Dette vil innebere gjennomføring av reguleringsplanarbeid for å nå ønska mål for auka trafikktryggleik i skuleområdet. Planlegginga vil innebere tiltak både langs kommunal veg, langs europaveg og skuleområdet generelt. Sjå meir utfyllande framlegg til tiltak i vedlegg 1.</p>		
Kommentar/ vurdering	<i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskostnad	Søknadssum	Framlegg tilskot
	800 000.-	600 000.-	600 000.-
TILTAK 2	<p>Utføre skilting skuleområder og bustadfelt utanom sentrum i Eid kommune</p> <p>Fleire skuleområder og bustadfelt utanom Nordfjardeid sentrum har ikkje redusert fartsgrense til 30 km/t, men 40 eller 50 km fartsgrense. Eid kommune får ved fleire høve inn bekymringsmeldingar over uønskja fartsnivå. Mange av tilkomstvegane mellom heim og skule er utan skilje mellom køyrande og mjuke trafikantar. Eid kommune prioriterer trygg veg mellom heim og skule vekt på gåande og syklande der barn og unge er i fokus. Kommunen har derfor fokus på å få godkjend og vedtekne skiltplanar for skular og bustadfelt utanom Nordfjardeid sentrum. Dette</p>		

	vil gje muligheit for fartsdempande tiltak i desse områda. Dette gjeld bygdene Hjelle, Haugen, Stårheim og Kjølsdalen.		
Kommentar/ vurdering	<p><i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»</p> <p>Innføring av fartsgrense 30 km/t i bustadområder, – og også andre sentrumsområder, er i samsvar med normalar. Og etablering av fartsdempande tiltak i 30-soner er i samsvar med normalar. Fartshumpar bidreg til å få farten ned til ønskja nivå. Tiltaket aukar såleis trafikktryggleiken, då det er klar samanheng mellom fart og tal ulukker. (Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5.2 NOTE 2 og punkt 2.5.4 NOTE 4.)</p>		
Kostnad/ tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	100 000.–	75 000.–	60 000.–

NR 6:	Fjaler kommune
TILTAK 1:	<p>Etablere rekkverksikring på farlege punkt. Kommunale vegar.</p> <p>Etter nedtaking av skog ved vegen til Steiestølen er det skrikande behov for ca 100 meter rekkverk i nederste, bratte, brekka. Sjå kartskisse merka Steiestølen for plassering. Tidlegare vegetasjon ville stoppa personbilar ved utforkøyningar. Etter at skogen er fjerna vert behovet for rekkverk godt synleg, og påtrykk frå vegfarande enormt. Området er svært trafikkert vinterhalvåret då Steiestølen har stor kommunal parkeringsplass og er utgangspunkt for mykje brukt friluftsområde.</p> <p>Guddalsvegen har aukande trafikk og manglar rekkverk på nokre sær utsette punkt. To parti på ca 100 meter med rekkverk på nedsida pluss rekkverk på begge sider av ei elvekryssing. Til saman er behovet ca 260 meter oppsett rekkverk. Vegen har ikkje vore oppgradert tilstrekkeleg etter at det vart gjennomfartsveg frå Heggheim til Sygna i Gaular kommune. Difor er rekkverk på desse partia prioritert høgt på tiltakslista.</p> <p>Bjergelia har hatt fleire nestenulukker der bilane glir mot eigedom 63/3/58. Her bør det etablerast rekkverk i 25 meters lengde før trafikantane landar i husveggen.</p> <p>I krapp kurve ved «gamlemoloen» på Bjerglandet vil bilar som skli av vegen ikkje stoppe før dei landar i sjøen inni moloen. Rekkverk for å sikre at bilar/vegfarande ikkje havnar i vatnet bør etablerast. Her har det vore innspel til rekkverkstiltak i lenger tid utan at tiltaket har vor gjennomført.</p> <p>Tiltak: Nedskjeringar i kommunale vedlikehaldsbudsjett gjer at det er vanskeleg å få utført ønska trafikktryggingstiltak då vegbudsjetta kun tillet minimal kostnad til drift av vegnettet.</p> <p>Behovet for rekkverk på desse stadene er stort og påtrykk frå befolkinga aukar. Til saman er rekkverksbehovet på desse stadene: Steiestølen 100 m,</p>

	<p>Guddalsvegen 260 m, Bjergelia 25 meter, Gamlemoloen 30 m, til saman 415 meter.</p> <p>Kostnad for tiltaka er ca 800 kr/m for ferdig oppsett rekkverk.</p> <p>Prosjektpris vert slik:</p> <p>Steiestølen 100 m a 800 Kr/m = kr. 80 000,-</p> <p>Guddalsvegen 260 m a 800Kr/m = kr. 208 000,-</p> <p>Bjergelia: 25m a 800 kr/m = kr. 20 000,-</p> <p>Bjergelandet: 30m a 800 kr/m = kr. 32 000,-</p> <p>Samla sum for etablering av rekkverk på farlege punkt i følgje tiltakslista vert då: Samla lengde på 415 m med prosjektpris på 800 kr/m = kr. 332 000.- eks. mva.</p>		
Kommentar/ vurdering	Hindrar utforkøyringsulukker, som er dominerande ulukkeskategori i Sogn og Fj. Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5 NOTE 3.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	332 000.-	250 000.-	0.-
TILTAK 2:	<p>Etablere fotgjengarovergang ved avkøyringa til Hatledalen byggefelt. Kommunal veg.</p> <p>Gangvegen frå Dale sentrum med Bjergelia, Bjerga og Yksnebjør kryssar kommunal veg i avkøyringa til Hatledalen byggefelt utan at det er etablert fotgjengarovergang i vegkrysninga. Overslag tilseier at ca 120 skuleborn kryssar denne vegen to gonger dagleg utan at det er fotgjengarovergang her. To samanstøyt mellom bil og syklist er registrert i dette vegkrysset siste åra og vegen har ikkje ein definert trygg kryssing tilrettelagt for mjuke trafikantar.</p> <p>Tiltak:</p> <p>Krysset bør få etablert fotgjengarovergang der gang og sykkelveg kryssar kommunal tilkomstveg til Hatledalen byggefelt. Tiltaket bør også innehalde to bommar for å etablere sjikane i retning Dale sentrum for å hindre syklande i å ha fart i/over krysset. Tiltaket består av merka fotgjengarovergang, to skilt og to bommar/sjikane. Krysset er romsleg og det vil vere stopp-plass til ein bil som køyrer av fv. 57 før den kryssar fotgjengarovergangen. For praktisk utforming av tiltaket sjå vedlagde kartskisse av fotgjengarovergang i vegkryss til Hatledalen byggefelt.</p>		
Kommentar/ vurdering	I følgje «Trafikksikkerheshåndboken», så bidreg ikkje oppmerking av gangfelt til auka trafikktryggleik. Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5.5 NOTE 5.		
	Gang-/sykkelvegen er fylkeskommunal.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	60 000.-	40 000.-	36 000.-
TILTAK 3:	<p>Etablering av 40 km/t – sone ved Flekke skule.</p> <p>Kommunal veg Haugland har i dag 60 km/t fartsgrense frå fv.57 til Sone 30 Km/t på Ytre Haugland/Uwc. UWC i lag med Haugland</p>		

	<p>rehabiliteringssenter genererer stor biltrafikk på denne strekninga med over 100 arbeidsplassar, 250 elevar, og klientar ved rehabiliteringssenteret. Det er ingen fysisk skille mellom mjuke og harde trafikantar langs denne vegen. Det er etablert gatelys frå fv.57 og til Flekke skule. Gatelys frå skulen mot krysset til Igelkjønn et under etablering. Gåande og syklende born, til og frå skulen, vil få ei tryggare skuleveg med etablering av sone 40 km/t for heile denne strekninga nærmast skulen. Hauglandsvegen har og vesentleg bruk som turveg for elevane ved Uwc og pasientgruppa ved rehabiliteringssenteret til og frå nærbutikken i Flekke.</p> <p>Tiltak: Etablere sone 40 km/t frå Joker Flekke, forbi Flekke skule og til avkøyringa til Igelkjønn. I denne sona er det i dag heva fotgjengarovergang ved Flekke skule. Dersom fartsnivået ikkje vert senka kan tiltaket utvidast med etablering av fartsdumpar i området nærmast skulen.</p>		
Kommentar/ vurdering	<p>Dersom fartsgrensa vert respektert og fartsnivået senkast, vil tiltaket auka trafikktryggleiken, då det er klar samanheng mellom fart og tal ulukker. Også alvorlegheitsgraden ved ulukker reduserast, når farten reduserast. Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5.4 NOTE 4.</p>		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr. 60 000.-	Søknadssum kr. 40 000.-	Framlegg tilskot kr. 36 000.-
TILTAK 4:	<p>Etablere heva fotgjengarovergang på Jarstadvegen ved Dale vidaregåande skule. Kommunal veg.</p> <p>Dagens biltrafikk på Jarstadvegen er svært stor ved skulestart/slutt og ettermiddag/kveld med bakgrunn i idrettshall og Dingemoen idrettspark. Fartsnivået på trafikken til og frå idrettshall og forbipasserande trafikk vidare mot Jarstad er høg då vegen verkar oversiktleg. Steiavegen frå ungdomskulen og Dale sentrum er mykje brukt som tilkomstveg for mjuke trafikantar då den har tilnærma ingen biltrafikk. Steiavegen er stengt for gjennomkøyring og er raskaste gangavstand frå ungdomskule og Dale sentrum til Idrettshall og Dale vidaregåande skule. Dagen problem er trygg kryssing av Jarstadvegen for mjuke trafikantar som kjem frå Steiavegen, skal krysse Jarstadvegen, og skal fortsette på fortau/gang- og sykkelveg til skule og idrettshall.</p> <p>Aktuelle kryss er i dag tilrettelagt med god belysning og heva gangfelt ville senke fartsnivået på vegen og samtidig sikre mjuke trafikantar trygg kryssing av vegen.</p> <p>Tiltak: Fjaler kommune ynskjer å etablere heva gangfelt over Jarstadvegen i/ved aktuelle vegkryss ved Dale vidaregåande skule. Mjuke trafikantar kan då krysse vegen trygt frå Steiavegen med svært avgrensa trafikk, og til fortau/gang- og sykkelveg ved Dale vidaregåande skule og idrettshallen. Heva gangfelt vil gje redusert fartsnivå for Jarstadvegen ved skulen og</p>		

	idrettshallen som vil vere vesentleg for at mjuke trafikantar skal vere trygge i området.		
Kommentar/ vurdering	At gangfelt hevast (fartshump) bidreg til redusert fart, og såleis til auka trafikktryggleik, då det er klar samanheng mellom fart og tal ulukker. I samsvar med handlingsplan pkt. 4.3.1 «Gjere områda rundt barnehagar og skular trygge». Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5 NOTE 5.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	30 000.-	20 000.-	18 000.-
TILTAK 5:	<p>Fortau frå internatbygga til matsalen ved Uwc Haugland. Kommunal veg.</p> <p>Elevar, over 200 stk, ved Uwc Haugland brukar kommunal veg i ein strekning på 100 meter frå internatbygg og til kantine. Vegbreidda er i dag 5,3 meter og gåande nyttar større del av eine køyrebana til og frå matsal. Det er ikkje skilje mellom mjuke trafikantar og bilar i området. Interessekonflikt mellom bilar og gåande er konstant då biltrafikk ikkje har normal passering når det er gåande langs vegbana over lenger parti før og etter matsivering. Innsnevring av vegbana vil hindre møtande trafikk og krevje redusert fartsnivå. Fortau langs denne vegstrekningen er ønskeleg for å sikre dei mjuke trafikantane.</p> <p>Tiltak:</p> <p>Etablere fortau frå avkøyringa til internatbygga og til kantinebygget ved Uwc Haugland. Vegbana vert innsnevra til 5 meter for å senke fartsnivået inn på skuleområdet og parkeringsområdet til Haugland rehabiliteringssenter.</p>		
Kommentar/ vurdering	I samsvar med handlingsplan pkt. 4.3.1 «Gjere områda rundt barnehagar og skular trygge». <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4: «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.»		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	300 000.-	180 000.-	0.-
TILTAK 6:	<p>Bygge gatelys frå Fjaler Ungdomskule til Dale vidaregåande skule/Fjalerhallen. Kommunal veg.</p> <p>Steiavegen mellom Fjaler ungdomskule og Dale vidaregåande skule/Idrettshallen er utan gatelys. Vegen har i dag vesentleg bruk av mjuke trafikantar då dette er ein veg med avgrensa biltrafikk, berre køyring til og frå eigedommane tillate, og er kortaste gangveg frå Idrettshallen/Dale vidaregåande skule og til Dale sentrum. Vegen er brukt som skuleveg og ferdselsåre for mjuke trafikantar til og frå Idrettspark og skule. Strekningen er utan gatelys som gjer bruken vanskeleg etter mørkets frambrøt for mjuke trafikantar. Dersom vegen vert belyst vil mjuke trafikantar frå Dale sentrum, Bjerga, Bjergelia og Bjergelandet kunne nå Idrettspark og barneskule utan å krysse FV 57.</p>		

	Tiltak: Etablere gatelys frå Dale vidaregåande skule/Idrettshallen til Fjaler ungdomskule.		
Kommentar/ vurdering	<i>Trafikksikkerhetshåndboken</i> s.184: «Vegbelysning reduserer antal dødsulukker i mørke med ca. 60 % ». Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5.1 NOTE 1.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	377 000.-	280 000.-	0.-

NR 7: Flora kommune			
TILTAK 1:	Etablering av fartshumpa i 30 km/t soner og heva gangfelt ved kryssingspunkt farlege skulevegar. Smal veg i tettbygd strøk med stor andel mjuke trafikantar. Tiltak: Etablere fartsdempande tiltak som fartshumpar i følgje vedteken trafikktryggingssplan.		
Kommentar/ vurdering	Etablering av fartsdempande tiltak i 30-soner er i samsvar med normalar. Fartshumpar bidreg til å få farten ned til ønskja nivå. Tiltaket aukar såleis trafikktryggleiken, då det er klar samanheng mellom fart og tal ulukker. Ved redusert fart går også alvorlegheitsgraden ved ulukke ned. Sjå saksutgreiinga punkt 2.5.2 NOTE 2 og punkt 2.5.5 NOTE 5.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskostnad	Søknadssum	Framlegg tilskot
	344 200.-	258 150.-	206 600.-
TILTAK 2:	Etablere intensivbelysning/forsterka belysning ved kryssingspunkt ved farlege skulevegar. Farlege krysningar på sterkt trafikkert skuleveg. Tiltak: Etablere oversiktsskapande tiltak som forsterka belysning for å sikre mjuke trafikantar.		
Kommentar/ vurdering	<i>Trafikksikkerhetshåndboken</i> s.184: «Vegbelysning reduserer antal dødsulukker i mørke med ca. 60 % ». Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5.1 NOTE 1.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskostnad	Søknadssum	Framlegg tilskot
	924 640.-	693 480.-	0.-

NR 8:		Førde kommune	
TILTAK 1:	Etablere refuge Elstervegen – parkeringsplass Førde Bedehus. Kommunal veg. Tilsette og besøkande ved Førde barneskule nyttar parkeringsplassen ved Førde bedehus, Mange av dei parkerte bilane ryggar ut i Elstervegen, framfor hovudinngangen til Førde barneskule. Tiltak: Etablere refuge langs Elstervegen, som strammar opp avkøyrsla til parkeringsplassen, som vil betre trafikksituasjonen.		
Kommentar/ vurdering	Tiltaket skjer i nærområdet til skulen: <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»		
	Tot. anleggskostnad	Søknadssum	Framlegg tilskot
	200 000.–	125 000.–	125 000.–
TILTAK 2:	Etablere fortau Elstervegen langs Førde barneskule. Kommunal veg. Blanda trafikkbilete i Elstervegen der skuleborn, tilsette og besøkande, alle nyttar Elstervegen som tilkomstveg til Førde barneskule. Tiltak: Etablere fortau i Elstervegen langs Førde barneskule. Ei forlenging av fortau som vart bygd med TIK-tilskot i 2013. Vurdere einvegskøyring i Elstervegen.		
Kommentar/ vurdering	<i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»		
	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	120 000.–	75 000.–	75 000.–
TILTAK 3:	Bygge veglys Nedre Fossheim. Kommunal veg. Skuleveg på Halbrend som ikkje vart bygd ut med veglys, då bustadfeltet på 70-talet. Tiltak: Montere 20 stk. veglysmaster med LED-armatur.		
Kommentar/ vurdering	Intensivbelysning av gangfelt er i samsvar med normalar. Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5.1 NOTE 1.		
	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	480 000.–	300 000.–	0.–

NR 9: Gaular kommune			
TILTAK:	<p>Trafikktryggleik ved Sande skule – planlegging og bygging. Farleg skuleveg grunna manglande merking og styring av parkeringsmønster og køyremønster og mykje trafikk, særleg rundt tida for levering og henting i barnehagen og skulen.</p> <p>Tiltak: Det totale tiltaket omfattar planlegging, prosjektering og etablering av fortau, gangfelt, skilt og oppmerking, kombinert opplæring og motivering av foreldre og elevar. Eigeninnsatssen knytt til dei pedagogiske tiltaka er ikkje ein del av søknaden.</p>		
Kommentar/ vurdering	<p><i>Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»</i></p> <p>Tiltaket er i samsvar med formålet i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane»: <i>Midlane kan også nyttast til planlegging av tiltak og utarbeiding av lokale trafikktryggingssplanar eller andre prosjekt som FTU ønskjer å støtta.»</i></p>		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	1 175 000.-	500 000.-	500 000.-

NR 10: Gloppen kommune			
TILTAK 1:	<p>Bygging veglysanlegg Vereide–Apalset bustadfelt Syner til prosjekt som omsøkt for 2016. Dette er ein fortsetjing/ sluttetappe av same prosjekt.</p> <p><i>(Søknaden 2016: Kommunal veg. På strekninga langs fortauet ved Åsavegen var det 2 stk. veglys tidlegare. Dette gir dårleg belysning, og for å få eit veglys av normal standard er det behov for 7 stk. nye veglys på strekninga. Frå bebruarane i Apalset bustadfelt er det kome søknad om veglys og fartshumpar på vegen inntil folkehøgskulen på Vereide. I bustadfeltet er det mange småbarnsforeldre som står bak søknaden. Nordfjord Folkehøgskule har mange elvar som går, sykklar og trimmar langs denne vegstrekninga. Rådmannen meiner begge desse tiltaka er gode trafikktryggingstiltak.)</i></p> <p>Tiltak: Gatelys og skilting</p>		
Kommentar/ vurdering	<p><i>Trafikksikkerhetshåndboken s.184: «Vegbelysning reduserer antal dødsulukker i mørke med ca. 60 % ». Jf. Saksutgreiinga pkt. 2.5.1 NOTE 1 Omsøkt tiltak gjeld på kommunal veg.</i></p>		
Kostnad/	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.

tilskot	200 000.-	150 000.-	120 000.-
TILTAK 2:	<p>Bygging gang- og sykkelveg langs Åsavegen. Denne vegstrekninga manglar skilje mellom mjuke trafikantar og køyretøy. Vegstrekningen er ein av dei aller mest brukte av gåande/syklande i Sandane-området. Bruken er retta mot bl.a. skule/idrett/institusjonar og generell sentrumstilkomst.</p> <p>Tiltak : Opparbeiding av 150 meter ny gang- og sykkelveg</p>		
Kommentar/ vurdering	<p>Tiltaket er eit anlegg for gåande. I samsvar med handlingsplan pkt. B.4 «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.» <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> pkt. B.4.2. «Arbeide for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelveg.»</p>		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	300 000.-	200 000.-	180 000.-

NR 11: Gulen kommune	
TILTAK:	<p>Bygging kombinert busstopp, møteplass og snuplass nord for skulen. Tiltaket gjeld på fylkesveg og kommunal veg. Tiltaket går ut på å leggje til rette for busshaldeplass/møteplass ved skulen, og snuplass ved Nordre Garden. Bussen må levere born og unge på skulen i dag bak skulebygg på liten snuplass. Bussen brukar idrettsplassen som ryggeplass. Kravet for snuplassar er minst 26 m diameter. Situasjonen er utrygg og ikkje godt nok regulert. Kommunen ser framlegget til tiltak som det viktigaste. Byrknes skule er den einaste som i dag ikkje har tilstrekkeleg busstopp/snuplass. Eivindvik skule har nyleg fått snuplass bak skulen. Brekke og Dalsøyra har snuplass frå før. I tillegg manglar parkeringsplass. Bussen må køyre vidare nordover til Bardvågen for å snu på den små gamle kommunale kaien).</p>
Kommentar/ vurdering	<p>Det er ein høg søknadssum Gulen kommune søker om. Det er sendt førespørsel til kommunen i ettertid om prosjektet kan delast opp i 2 tiltak, til dømes:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kombinert busstopp/møteplass 2. Snuplass nord for skulen <p>Til dette har kommunen svara følgjande i epost datert 09.11.2016: «Tiltaka som er skisserte (busshaldeplass/møteplass ved skulen og snuplass Nordre Garden) heng saman. Det er ikkje naturleg å dele tiltaket i 2 prosjekt. Dersom det ikkje vert rådd til å dekke heile søknaden i 2017 føreslår eg at den vert delt av dykk og handsama i 2 år (2017/2018)»</p>

	Tiltak med bygging av busstopp/møteplass ved skulen, samt snuplass for bussen vekke frå skulen er i samsvar med handlingsplan pkt. 4.3.1 «Gjere områda rundt barnehagar og skular trygge».		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	1 272 000.-	954 000.-	610 000.-

NR 13: Hyllestad kommune			
TILTAK:	<p>Etablering rekkverk mot Hyllestad barnehage. Kommunal veg.</p> <p>Hyllestad barnehage ligg i eit utfordrande og vanskeleg terreng. Vegen ned til barnehagen er bratt og med ein ustabil gjerdeløysing. Det er stor fare for at bilar kan køyre/rase ned og inn på leikeplassen. Det er om lag 50 born og 18 tilsette i barnehagen. Det er mest trafikk når ungane er ute og leikar i samband med henting.</p> <p>Det er ein stor risikofaktor som kan få store konsekvensar. Det er størst fare i vintertida ved glatt køyrebane. Vegen er i tillegg vanskeleg å brøyte, og vi ser eit stort behov for at den blir asfaltert for å gjere den tryggare og gi mindre støvplager for ungar og tilsette. Det er varelevering til barnehagen med store lastebiler som ryggar ned til barnehagen ca. tre gonger i veka, og i periodar meir.</p> <p>Det er stor fare for liv og helse. Det er ikkje berre trafikk til barnehagen, men også til fjæra og båthamna. Biler køyrer ofte fort og det hender at det er to biler som kjører opp og ned samtidig, og liten plass for passering av to biler.</p> <p>Barn leiker i nær kontakt med vegen og gjerdet som står i dag er ingen sikring for dette. Konsekvensane av at ein bil raser ned til leikeplassen er kjempestor og kan bli katastrofalt.</p> <p>Barnehagen er nøydd til å ha eit stabilt og trygt rekkverk ved vegen.</p> <p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Etablering av rekkverk om lag 130m : Kostnadsoverslag: ca 100.000,- • Asfaltering av veg ca. 180m. Kostnadsoverslag: 200kr pr.m2x180mx4m = ca. 150.000,- 		
Kommentar/ vurdering	Etablering av rekkverk er i samsvar med handlingsplan pkt. 4.3.1 «Gjere områda rundt barnehagar og skular trygge».		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	250 000.-	187 500.-	187 500.-

NR 14: Høyanger kommune			
TILTAK 1:	<p>Bygge gatelys diverse kommunale vegar og plassar.</p> <p>På enkelte strekningar/områder i Høyanger kommune er det manglande og/eller for dårleg belysning. Dette gjeld blant anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> – Det manglar og/eller er for dårleg lys frå eksisterande lyspunkt ved parkeringsplassar og område for henting og levering ved skular og barnehagar i Høyanger kommune. Dette gjeld spesielt Hjetland barnehage, Olderdalen barnehage, Høyanger skule og Vadheim skule. Ved levering og henting av born er det mykje trafikk, og god lyssetting er viktig for at både mjuke og harde trafikantar skal ha oversikt over trafikkbilde. – Det manglar gatelys i Hjetlandsvegen i Høyanger tettstad. Hjetlandsvegen går gjennom eksisterande bustadfelt på Hjetland. Samtidig er strekninga nytta som skuleveg for born og unge som bur i bustadfelt på Høgebakkane og nærliggande område. – I samband med oppgradering og ny organisering av trafikkavvikling (bussar, bilar og reisande) ved Nordeide ferjekai er det behov for nye lyspunkt på ferjekaien. Det er pr. dags dato ikkje nødvendig finansiering på plass for at lyspunkt kan inngå i dette prosjektet. – Det manglar gatelys i Solvegen i Vadheim. Solvegen går gjennom eit etablert bustadområde, og det ferdast mjuke trafikantar på strekninga. – På strekninga langs Dalsdalen i Høyanger er det i samband med Statkraft si utbygging av kraftstasjon lagt til rette for å etablere gatelys. Ein mindre del investering/arbeid står att. Strekninga er mykje nytta til turområde og rekreasjon, samstundes som ein har ein del tungtrafikk/biltrafikk som skal nå kraftanlegg/trafostasjonar, m.m. innerst i dalen. – Manglande gatelys på køyrbar gang og sykkelveg i Håkleiva på Kyrkjebø. Gang og sykkelvegen går gjennom bustadområde, og er også tilkomstsvog for bustadar i området. 		
	Kommentar/ vurdering	<p><i>Trafikksikkerhetshåndboken s.184: «Vegbelysning reduserer antal dødsulukker i mørke med ca. 60 % ».</i></p> <p>Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5.1 NOTE 1.</p>	
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	550 000.-	400 000.-	345 460.-
TILTAK 2:	<p>Fornyng av vegskilt/nye fartssoneskilt.</p> <p>Det er eit stor etterslep på fornyng av trafikkskilt i tettstodområda i Høyanger kommune (Høyanger, Kyrkjebø, Vadheim, Lavik og Bjordal). Mange skilt er gamle og matte, og er difor ikkje like synlege i trafikken som dei burde, spesielt når det er mørkt. Dette gjer at skilta er vanskelege for trafikantar å vere oppmerksom på. Ved fornyng av skilt vil Høyanger kommune prioritere skilt ved gangfelt, gangveg, skular og barnehagar, samt sentrumsområde.</p> <p>Det er også i trafikktryggingssplanen under strakstiltak fleire kommunale vegstrekningar der det er anbefalt nedjustert fartsgrense på. Dette er blant</p>		

	anna kommunale veg til Håland og Østerbø, samt strekninga mellom Norevik – Mjellelid og kryss E39 til Avsnes. Høyanger kommune har eit mål om å fornye og setje opp mellom 25–30 stk. nye skilt i 2017. Skal ein klare dette er ein avhengig av tilskotsmidlar.		
Kommentar/ vurdering	At skilta er synlege (kan lesast) er ein føresetnad for at trafikanten skal kunna oppfatta skiltbudskapet, forstå budskapet, og handle i samsvar med budskapet.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	100 000.-	70 000.-	0.-

NR 15: Jølster kommune			
TILTAK 1:	Etablere rekkverk på bru. (Kommunal veg) Det manglar rekkverk på brua over Åselva og brua over Sandalselva. Dette kan utsette (mjuke) trafikkantar for store risikoar. Tiltak: Oppsetjing/rehabilitering av brurekkverk for å sikre (mjuke) trafikkantar mot stup, vatn. Tiltak er omtala i kapittel 7 av kommunedelplan for trafikktrygging. Det er budsjettert med kr. 132.000,-		
Kommentar/ vurdering	Rekkverk hindrar utforkøyringsulukker, som er veldig dominerande ulukkeskategori i Sogn og Fj. <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.» Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5.3 NOTE 3.		
Kostnad/ Tilskot	Tot. anleggskostnad	Søknadssum	Framlegg tilskot
	132 000.-	99 000.-	0.-
TILTAK 2:	Planarbeid – justering fartsgrenser/lage skiltplan kommunale vegar) Dårleg skilta vegar og uforventa forskjellar i fartsgrensar kan føre til farlege situasjonar for (mjuke) trafikkantar. Spesielt områda i nærleiken av skuler og barnehagar gir utfordringar i forhold til trafikktryggleiken for skuleborn. Tiltak: Planarbeid der både fartsgrenser og skilting på de kommunale vegar skal revurderast, med spesiell fokus på skulevegar. Tiltak er beskrive i kapitel 7 av kommunedelplanen for trafikktrygging. Det er budsjettert med kr. 100.000,-		
Kommentar/ vurdering	I samsvar med handlingsplan pkt. 4.3.1 «Gjere områda rundt barnehagar og skular trygge». Tiltaket er i samsvar med formålet i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane»: « <i>Midlane kan</i>		

	<i>også nyttast til planlegging av tiltak og utarbeiding av lokal trafikktryggingssplanar eller andre prosjekt som FTU ønskjer å støtta.»</i>		
Kostnad/ Tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	100 000.-	75 000.-	60 000.-
TILTAK 3:	<p>Planarbeid – tilkomst og trafikkavvikling ved Skei skule. (Kom. veg)</p> <p>Det er trafikale utfordringar knytt til skulebuss og anna trafikk i og ved skuleområdet. Dette gjev ei særskilt utfordring for dei mjuke trafikantane.</p> <p>Tiltak: Jølster kommune vil i første omgang få planlagt tilfredsstillande tilkomst og trafikkavvikling i og ved skuleområdet for seinare å gjennomføre tiltaka. Planarbeid er beskrevet i kapittel 7 av kommunedelplanen for trafikktrygging. Det vart budsjettert med kr. 200.000,-</p>		
Kommentar/ vurdering	I samsvar med handlingsplan pkt. 4.3.1 «Gjere områda rundt barnehagar og skular trygge». Tiltaket er i samsvar med formålet i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane»: « <i>Midlane kan også nyttast til planlegging av tiltak og utarbeiding av lokal trafikktryggingssplanar eller andre prosjekt som FTU ønskjer å støtta.»</i>		
Kostnad/ Tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	200 000.-	150 000.-	120 000.-
TILTAK 4:	<p>Utføre tiltak trygg utforming av trafikkområda ved skular. (Kommunal vegar)</p> <p>Skuleområda er sjølvsagt mykje brukt av skuleborn. Trafikale utfordringar knytt til skulebuss og anna trafikk i og ved skuleområdet gjev ei særskilt utfordring for dei mjuke trafikantane, som beskrevet ovanfor, tiltak 3. Jølster kommune har planlagt fase 1-tiltak, tiltak som kan setjast i gang utan planarbeid, og fase 2-tiltak, tiltak som skal komme fram etter planarbeid.</p> <p>Tiltak: Gjennomføring av fase 1-tiltak for å forbetre situasjonen (sette opp skilt langs de kommunale vegar i skuleområdet og få på plass fartsdempande tiltak på vegar i skule-området). Planarbeid er beskrevet i kapittel 7 av kommunedelplanen for trafikktrygging. Det er budsjettert med kr. 75.000,-</p>		
Kommentar/ vurdering	I samsvar med handlingsplan pkt. B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»		
Kostnad/ Tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	75 000.-	56 250.-	45 000.-
TILTAK 5	<p>Bygge fartshumpar. (Kommunale vegar)</p> <p>Jølster kommune har søkt om midlar til dette tiltaket i 2016 og har fått tildelt pengar til dette. På grunn av manglande resursar er tiltaket ikkje utført. Tiltaket er fortsatt veldig aktuelt.</p>		

	<p>Tiltak:</p> <p>Fartshumpar på utsette stader der det er eit krav at farten ikkje skal overstige 30 km/t. Dette tiltaket gjeld i Hjellbrekkefeltet, Langhaugane og Årsetbakkane byggefelt på Vassenden. Vegane vert nytta som skuleveg for svært mange av borna som går på Vassenden skule. I tillegg er det nærmiljø med leik og barnehage i området. Tiltaket er beskrive i kapitel 7 av kommunedelplanen for trafikktrygging. Det vert budsjettert med kr. 120.000,-</p>		
Kommentar/ vurdering	<p>Etablering av fartsdempande tiltak i 30-soner er i samsvar med normalar. Fartshumpar bidreg til å få farten ned til ønskja nivå. Gjer det ubehageleg å køyra for fort. Tiltaket aukar såleis trafikktryggleiken, då det er klar samanheng mellom fart og tal ulukker. Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5.2 NOTE 2.</p>		
Kostnad/ Tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	120 000.-	90 000.-	0.-
TILTAK 6	<p>Etablere rekkverk langs kommunale vegar</p> <p>Jølster kommune har motteke innspel om å sikre kommunale vegar med rekkverk for å hindre at bilar køyrer utfor. Dette gjeld spesielt der det er bratte vegar og der det er fare for at mellom anna skulebussar kan køyre utfor. For 2017 vert det søkt om midlar til å sikre deler av den kommunale vegen opp i Dvergsdalen, KV65 ved Myklebust, en del av kommunale vegen i Hjellbrekkefelt, KV999 (Furuhogen), en del av kommunale vegen i Hjellbrekkefelt, KV4680 (Storetrævegen) og en del av kommunale vegen ved Førde, KV18 (vest for Paulsvatnet). Slik sikring vil gjere trafikksituasjonen tryggare for mellom anna skulebuss som nyttar vegen. Jølster kommune søkjer med grunnlag i ovannemnde om trafikktrygging midlar til delfinansiering av desse viktige tiltaka. Tiltak er beskrive i kapitel 7 av kommunedelplanen for trafikktrygging. Det vert budsjettert med kr. 310.000,-</p>		
Kommentar/ vurdering	<p>Rekkverk er tiltak som hindrar utforkøyringsulukker, som er dominerande ulukkeskategori i Sogn og Fj. Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5.3 NOTE 3.</p>		
Kostnad/ Tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	310 000.-	232 500.-	0.-
TILTAK 7	<p>Opparbeiding parkeringsplassar i tilknytning utfartsområder/ toppturar. (Kommune- og fylkesvegar.)</p> <p>Vinterstid er parkeringsmoglegheiter i samband med toppturar mange plassar ikkje godt nok tilrettelagt for dagens og framtidens behov, og dette skaper enkelte plassar store trafikale problem. Jølster kommune vil opparbeide ski-utfartsparkering, slik at trafikktryggleiken på både de kommunale og de fylkeskommunale vegar blir forbetra. Det er budsjettert med kr. 893.050,- for opparbeiding av 9 parkeringsplassar i Jølster kommune (langs KV27 – Berg/Svidalen, KV65 / KV67 – Dvergdalsdalen,</p>		

	KV61 – Sandalen, KV23 – Årdalen, KV20 – Stardalen, Fv454 – Ålhus). Viser til vedlegg 9 for en meir detaljert beskrivelse av dette prosjektet.		
Kommentar/ vurdering	Vanskeleg å vurdera trafikktryggingseffekten av tiltaka.		
Kostnad/ Tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	893 050.–	669 788.–	0.–

NR 17: Luster kommune			
TILTAK:	<p>Pkt. 1. – Ny tilkomst frå busshaldeplass. Dagens tilkomst ligg kloss i vegen ut av skuleområdet. Me ønskjer å flytte denne nærare Lustrabadet/ klatreparken då det er der gangtrafikken bør vere. Dagens tilkomst vert då stengt.</p> <p>Pkt.2 – Opparbeiding av trafikknutepunkt mellom busshaldeplass, skuleområde og klatrepark (ekskl. møblar). Der dagens tilkomst frå busshaldeplass er og mot ny tilkomst (sjå pkt.1) vil kommunen byggje eit «trafikknutepunkt»/ møtepunkt. Vil verte eit naturleg senter mellom skule, klatrepark og busshaldeplass.</p> <p>Pkt.3 – Sykkelparkering ved busshaldeplass (ekskl. tak og sykkelstativ). Kommunen ønskjer å legge til rette for ordna sykkelparkering i øvre del av dagens busshaldeplass. Pr. i dag ligg syklane slengt over heile grøntområdet.</p> <p>Pkt.4 – Stenge skuleområdet for køyretøy inkl. romlefelt og flytting av gangfelt. Me stenger skuleområdet for innkøyring med skilting – kun innkøyring til eigedommane (2 stk.) vert gitt løyve til. Varetransport kjem ut denne vegen. Me byggjer eit romlefelt i krysset for å markere ei hindring, og gangfeltet vert flytta for å ende opp på fortauet.</p>		
Kommentar/ vurdering	I samsvar med handlingsplan pkt. B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	350 000.–	210 000.–	210 000.–

Nr. 20: Selje kommune – 2017			
TILTAK 1:	<p>Hovudrevisjon av kommunal trafikktryggingssplan frå 2001 . Selje kommune fekk i 2001 for fyrste gong utarbeidd Trafikktryggingssplan. Denne planen har vore revidert og rullert ved fleire høve, der siste tiltaket i handlingsplanen er under gjennomføring i desse dagar. Planen er no moden for ein hovudrevisjon og Selje kommune søkjer med dette om tilskot til gjennomføring av denne revisjonen. Med bakgrunn i låg bemanning må kommunen leige inn hjelp til gjennomføringa av planarbeidet. Kommunen har innhenta budsjettpris på dette arbeidet; – kr. 204.000, – . Erfaringsmessig vil det i alle planprosessar påløpe pr. no ukjente tilleggsutgifter. Det vert anslått om lag 20 % tillegg for ukjente kostnader, dvs. ein total, avrunda plankostnad på kr. 250.000. Med bakgrunn i ovanstående, søkjar kommunen om 75 % tilskot av kr. 250.000, dvs. kr. 187.500, – . Total kostnad, eks. mva . kr.: 250.000, – Søknadssum kr. 187.500, –</p>		
Kommentar/ vurdering:	<p>I samsvar med handlingsplan pkt. D1.1 «Påverke ved informasjon/ rettleiing og revisjon av kommunale trafikktryggingssplanar – få dette inn som ein løpande aktivitet.» Tiltaket er i samsvar med formålet i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane»: «<i>Midlane kan også nyttast til planlegging av tiltak og utarbeiding av lokal trafikktryggingssplanar eller andre prosjekt som FTU ønskjer å støtta.</i>»</p>		
Kostnad/ tilskot	Tot. kostnad	Søknadssum	Framlegg tilskot
	250 000.-	187 500.-	187 500.-
TILTAK 2	<p>Asfaltering av opparbeidd gang- og sykkelveg langs fylkesveg 620 på Leikanger. Vegen vart bygd for Aksjon Skuleveg – midlar i 2013. Det vart då prioritert å "kome" lengst mogeleg for tilgjengelege midlar for å få gåande bort frå fylkesvegen på lengst mogeleg strekning. Sjølv om ein i stor grad har lukkast med dette ved å gje dei eit alternativ, registrerer vi at vegen ikkje vert brukt i den grad ein kunne ynskje då det ikkje er fast dekke på den. Ved dekkelegging av vegen vil fleire bruke den. Dette har vi erfaring frå for tidlegare prosjekt. Total anleggskostnad, eks. mva . kr.: 120.000, – Søknadssum kr.: 90.000, –</p>		
Kommentar/ vurdering	<p>Ca 100 gang-/sykkelveg som har grusdekke. Fast dekke vil truleg bidra til at syklistar finn det meir attraktivt å nytta g/s-vegen framfor køyrevegen. Det er grunn til å tru at gåande nyttar g/s-vegen uavhengig av dekketype. Men tiltaket er i alle fall delvis i samsvar med handlingsplan pkt. B.4 «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.»</p>		
Kostnad/ tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	120 000.-	90 000.-	0.-

NR 21: Sogndal kommune			
TILTAK 1:	<p>Bygge fortau Trolladalen mot Kvåle skule. (Kommunal veg.)</p> <p>Fortauet i Trolladalen stoppar i dag ved innkøringa til Sogndal vidaregåande skule. Sogn og Fjordane fylkeskommune byggjer om og rustar opp idrettshallen ved Sogndal vidaregåande skule i 2016 og vil fullføre arbeidet i 2017. Når dette arbeidet er ferdig vil det verte eit nytt adgangsmønster på skulen, noko som truleg vil gje auka trafikk av mjuke trafikantar langs Trolladalen, og opp til området mellom idrettshallen og Kvåle skule. I dag kjem ein stor del av elevane til Kvåle skule frå Trolladalen. Desse har per i dag ikkje fortau å gå eller sykle på etter innkøringa til Sogndal vidaregåande. Dei må difor dele vegen med dei køyrande på denne strekninga.</p> <p>Tiltak:</p> <p>Ved bygging av fortau får vi skilt mjuke og harde trafikantar, og det vert ein tryggare skuleveg for mange elevar på Kvåle skule og på Sogndal vidaregåande skule. Fortauet vil gå opp heilt opp til innkøringa til Kvåle skule.</p>		
Kommentar/ vurdering	<p>I samsvar med handlingsplan pkt. 4.3.1 «Gjere områda rundt barnehagar og skular trygge».</p> <p>I samsvar med handlingsplan pkt. B.4 «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.»</p>		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	460 900.-	276 540.-	276 540.-
TILTAK 2:	<p>Bygge gang og sykkelveg Kaupanger Idrettslag.</p> <p>Byggje gang og sykkelveg langs kommunal veg</p> <p>Idrettsanlegget på Kaupanger er mykje nytta av born og unge på Kaupanger. Det er stor aktivitet kvar kveld. Det er i dag ikkje gangveg eller fortau på vegen frå riksvegen og opp til idrettsanlegget. Vegen er relativt smal og det gjer det utrygt for born og unge å ferdast på vegen som mjuke trafikantar.</p> <p>Vegen til idrettsanlegget skal leggjast om då arealet som vert nytta til veg i dag skal verte industriområde. Når det vert bygd ny veg skal det også byggjast gang- og sykkelveg.</p>		
Kommentar/ vurdering	<p><i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> pkt. B.4.2. «Arbeide for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelvegar.»</p>		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	1 191 000.-	714 600.-	0.-

TILTAK 3:	<p>Bygge fortau Leitevegen–Markavegen til Rutlinslid. (Kommunale vegar.) Prosjektere fortau langs kommunal veg. Skulevegen til Trudvang skule for dei som bur i Rutlinslid, Kongabergvegen og deler av Leitevegen går gjennom Leitevegen på strekninga mellom avkøyringa til Markavegen og starten på Rutlinslid. Vegen er relativt bratt og det er stor trafikk frå heile Leiteområdet på denne vegen. Det er ikkje fortau på vegen per i dag, og skuleelevar og andre må nytte same vegbane som dei køyrande. Veg bygging av fortau får vi skilt mjuke og harde trafikantar, og det vert ein tryggare skuleveg for mange elevar på Trudvang skule. ì dag går mange elevar heller ikkje på fortauet nedanfor krysset Markavegen–Leitevegen. Dette fordi det vert vurdert som enklare å halde fram på same side heile vegen. Om vi får bygd fortau på den omsøkte strekninga, vert det mykje meir sannsynleg at elevane nyttar fortauet også nedanfor innkøyringa til Markavegen. Effekten av det omsøkte fortauet vert difor enda større.</p>		
Kommentar/ vurdering	Handlingsplan pkt. B.4 «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.»		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	100 000.–	60 000.–	60 000.–

NR 22:	Solund kommune		
TILTAK 1:	<p>Etablere leskur haldeplass Ytrøygrend og Leknessund (kommunal veg). Haldeplassane er endestopp (vegenden) der det er fleire skuleelevar som tek bussen frå. Ingen av plassane er skilta med busstopp (opplysningsskilt 512) og det er meir tilfeldig kvar passasjerane og bussen stoppar her.</p> <p>Tiltak: Oppsetting av leskur på haldeplassane vil markere kvar passasjerane skal vente på bussen og kvar haldeplassen er. Plassering av leskur vert i samråd med bussjåfør og SvV på Leknesøyna, og bussjåfør og grunneigar i Ytrøygrend.</p>		
Kommentar/ vurdering	Tiltaket kan bidra til at fleire reiser kollektivt! I dette tilfellet kan leskuret òg bidra til å samle passasjerane på denne haldeplassen, i staden for meir spreidde stopp for bussen langs vegen.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	115 000.–	82 650.–	69 000.–
TILTAK 2:	<p>Bygge rekkverk Hersvikbygda langs kommunal veg. Det manglar rekkverk gjennom skarp venstresving på kommunal veg. Svingen har ein bratt skråning ned mot sjøen, og konsekvensen av ei utforkøyring kan verte fatal.</p> <p>Tiltak:</p>		

	Forlengje rekkverket som er på FV 32 Hp 50 til avkøyrslse på høgre side på Gbnr.55/32.		
Kommentar/ vurdering	Rekkverk hindrar utforkøyringsulukker, som er dominerande ulukkeskategori (fv.) i Sogn og Fj. <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.» Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5.3 NOTE 3.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	81 900.-	61 425.-	0.-
TILTAK 3:	<p>Bygge rekkverk på del av kommunal veg Eide.</p> <p>Skarp sving i botnen av ein bratt bakke, er skuleveg for fleire born. Er eit problemområde spesielt om vinteren.</p> <p>Tiltak: Montere autovern for å hinder utforkøyring. Strekning som er aktuell er vist på vedlagd kart.</p>		
Kommentar/ vurdering	Rekkverk hindrar utforkøyringsulukker, som er dominerande ulukkeskategori (fv.) i Sogn og Fj. <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.» Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5 NOTE 3.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	50 950.-	38 200.-	0.-
TILTAK 4:	<p>Bygge veglys og etablere trafikkspiegel Brattlia (kommunal veg).</p> <p>Vegen i byggefeltet Brattelia er delvis utbygd med gatelys (mangler lys på lengre strekningar samt det er dårleg/uoversikteleg sikt i kryss inne i byggefeltet. Det er veg til skule og fritidstilbod for bebuarane i byggefeltet.</p> <p>Tiltak: Montere manglande gatelys og spegel i kryss, som vist på vedlagd kart.</p>		
Kommentar/ vurdering	<i>Trafikksikkerhetshåndboken</i> s.184: «Vegbelysning reduserer antal dødsulukker i mørke med ca. 60 % ». Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5.1 NOTE 1.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	150 400.-	112 800.-	0.-
TILTAK 5:	<p>Utvide avkøyrslse, siktsoner Nessa (privat veg.)</p> <p>Dårlig sikt og trengt i privat avkøyrslse der ein kjem rett ut i fv. 606. Avkøyrsla er opp til ein gard, og større køyretøy brukar denne ofte.</p> <p>Tiltak: Utvide innkøyrsla og rydde/planere siktsoner. Siktsonene har i dag mykje stor stein eller berg i dagen samt noko skog.</p>		
Kommentar/ vurdering	Gjeld tiltak på privat veg, noko som ikkje omfattast av ordninga med TIK-midlar, jf. instruksen.		

	(Gjeld avkøyrslle frå fylkesveg til 1 stk. bustadhus . Etter vegloven er det avkøyrslleigar sitt ansvar å oppretthalde tilfredsstillande sikktilhøve i eiga avkøyrsla. (Det er ikkje registrert ulukker med personskaade på staden dei siste 10 åra. Årsdøgntrafikk 200 køyretøy.) Sikta kan gjerast monaleg betre med relativt små midlar.)		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	225 000.-	168 750.-	0.-

Nr. 23: Stryn kommune			
TILTAK 1:	<p>Etablere autovern langs kommunal veg Frøyset.</p> <p>Veg med sterk stigning og manglande sikring mot vegskråningar og der vegen kryssar elv/bekk er der ikkje noko sikring. Det er stor høgdeskilnad frå veg til botn elv. Skuleskyss er i form av drosje på denne strekninga, og på enkelte føreforhold ønsker ikkje drosjen å køyre opp grunna fare for utforkøyring. Det har vore ei utforkøyring med ATV og andre tilfelle der sjåførar har mista kontrollen på køyretøyet.</p> <p>Tiltak: Montering av autovern langs vegen på store deler av strekninga. Sjå vedlagt kart.</p>		
Kommentar/ vurdering	<p>Rekkverk hindrar utforkøyringsulukker, som er dominerande ulukkeskategori i Sogn og Fj.</p> <p><i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.»</p> <p>Sjå også saksutgreiinga pkt. 2.5.3 NOTE 3.</p>		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	254 000.-	152 400.-	152 400.-
TILTAK 2:	<p>Etablere autovern langs kommunal veg i Nord-Markane</p> <p>Tidlegare var det granskog tett inntil vegen, og som såleis fungerte som ei slags vegsikring. Denne skogen vart teken ned av grunneigar i 2014/2015. No er det derfor blitt mange stader langs denne vegen der det ikkje er noko som tek imot om ein skulle vere uheldig å køyre ut for vegen. Som straksløysing monterte Stryn kommune markeringsskilt langs vegen på desse stadane.</p> <p>Vegen er svingete og er mykje trafikkert (dagleg skulebuss, barnehagebuss fleire gongar i veka, tilkomstveg til skianlegget på Ullsheim m.m.).</p> <p>Tiltak: Eablering av vegsikring med autovern langs 3 strekningar langs vegen, med total lengde på 468 m.</p>		

Kommentar/ vurdering	Rekkverk hindrar utforkøyringsulukker, som er dominerande ulukkeskategori i Sogn og Fj. <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.» Sjå også saksutgreinga pkt. 2.5.3 NOTE 3.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	260 000.–	156 000.–	0.–

NR 25: Vågsøy kommune			
TILTAK:	<p>Bygge gangveg mellom gate 1 og Vågsøy ungdomsskule. Kommunal veg. Alle elever som kommer til Vågsøy ungdomsskule med buss er henvist til å gå i gate/ vei til og frå skulen. Det har vært gjort forsøk med trafikkregulerende tiltak, med stengning av veien i en tidsavgrenset periode ved skulestart og slutt. Dette viste seg etter kort tid ikke å fungere. Det har vært vurdert bygging av fortau, men arealmessig er dette svært vanskelig med store inngrep i tilstøtende eiendommer og kanskje riving av hus. Slik elevene har det daglig er uholdbart og risikoen for ulykker er stor. Stadig økning i trafikken og med utbygging av nytt boligfelt i området blir situasjonen forverret ytterligere.</p> <p>Tiltak: Tiltaket går ut på å bygge en delvis lukket gangveg slik at en kan gå under tak opp langs Gottebergselva, dette er den korteste veien og vil av den grunn være førstevalget for elevene til og fra bussterminalen. Tiltaket er med i Kommunedelplan for trafikksikring 2013–2020.</p>		
Kommentar/ vurdering:	Tiltaket er eit anlegg for gåande. I samsvar med handlingsplan pkt. B.4 «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.» <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> pkt. B.4.2. «Arbeide for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelvegar.» Tiltaket vil bidra til å skilja mjuke trafikantar frå biltrafikken.		
Kostnad/ tilskot:	Tot. anleggskostnad kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	1 200 000.–	800 000.–	720 000.–

NR 26: Årdal kommune			
TILTAK:	<p>Bygge nye gatelys mot Tangen skule. Dårlig lys på fortau og gang-/sykkelveg inn mot Tangen skule. Nye gatelys fører til at dei mjuke trafikantane lettare blir sett i mørket når dei ferdast til skulen og idrettsanlegg.</p>		

Kommentar/ vurdering	<i>Trafikksikkerh�ndboken s.184: «Vegbelysning reduserer antal d�dsulukker i m�rke med ca. 60 % »</i> Sj� ogs� saksutgreiinga pkt. 2.5.1 NOTE 1. Det er s�kt om 100 % tilskot.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	S�knadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	803 000.-	803 000.-	0.-